

**Grov forskjellsbehandling!**

20.08.2014

**- Trass i at Festidalen går lenger enn noko anna tilsvarande arrangement i Kvinnherad når det gjeld skjerming og tilrettelegging for mindreårige, opplever vi ei grov forskjellsbehandling frå det rusfaglege miljøet. Dette held leiinga i Festidalen fram i rapporten som imorgon vert lagt fram i formannskapet. Festidalen vert skulda for hendingar som dei ikkje på noko vis kjenner att, medan andre arrangement med ein mykje meir liberal skjenkepolitikk og mindreårige tilstades tydelegvis går under radaren til dei som skal gje uttale, står det i rapporten.**

Festidalen finn det uholdbart å driva under slike uføreseielege tilhøve og forventar at den aktuelle verksemda gjer grep som sikrar ein betre dialog før skaden vert større.

Festidalen tok for ei tid tilbake initiativ til at dei rusfaglege rådgjevarane samen med politi, brannvern og eventuelt Helse Fonna vert invitert til kommunen sitt årlege festivalseminar for å halda innlegg og delta i diskusjon med arrangørane. Festidalen tok no opp att denne oppmodinga.

Festidalen tek fatt i at det nok ein gong er udokumenterte påstandar og stor grad av syensing i uttaler til deira skjenkesøknadar og skriv:

- Om deira uro var reell og basert på faktiske hendingar ville vi forventa at dei tok kontakt med festivalleiinga for å drøfta desse tilhøva. I staden får vi tilfeldigvis høyre om påstått kritikkverdige tilhøve til månadar etterat dei skal ha skjedd.

- Vi står i realiteten utan tilsvarsmogelegheit før vedtak skal fattast og berre ordføraren sitt inngrep i situasjonen gjorde at vi i år fekk moegelegheit til å avbøta eit monaleg omdømetap og ikkje minst usikkerheit kring skjenkeløyvet når saka vart fremja til politisk handsaming, heiter det i rapporten

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen